- Odda er eit regionsenter i Hardanger, og treng gode og varierte skuletilbod for å stetta behova ungdommen har til å gå på skule i sitt nærområde.
- Vi har svært gode treningsfasilitetar i nærleiken til skulen. Odda er omkransa av to nasjonalparkar, og med ei auke i satsinga på naturbasert reiseliv med Røldal og Trolltunga som spydspissar, vil det vere økt fokus på Odda som ein aktiv, attraktiv og interessant plass å vere i og reise til. Her kan vi som skule vere ein viktig bidragsytar, og idrettsfaga bør kunne utviklast med økt satsing på leiarutvikling og samarbeide i ulike nettverk for å utvikle tilbodet vårt. Nettverksamarbeid har skulen lang tradisjon for å drive og delta i, og her har vi formaliserte avtalar vi kan nytte og utvikle vidare (nettverket skule – næringsliv).
- Odda kommune satsar også mye på oppbygging og utvikling av «Campus Odda», med idrettspark og satsing på folkehelse. Dette er også eit viktig og interessant område i våre læreplanar, og skulen sine lærarar og elevar vil kunne være viktige bidragsytarar.
- Totalt har vi ei auke i elevtalet i 10.klasse ved ungdomsskulane i distriktet vårt. Vi har undersøkt kommunane Odda, Jondal og Ullensvang. Spesielt gjeld dette Odda ungdomsskule som er den største «leverandøren» av elevar. Vi reknar med ei auke i søkjartalet til Vg1 på ca. 15 elevar for neste skuleår. Samstundes har vi registrert at interessa for Idrettsfag er stor. Dette heng mellom anna saman med utviklinga av naturbasert reiseliv i regionen.

**Hordaland fylkeskommune**
**Opplæringsavdelinga**
www.hfk.no/opplæring
http://odv.hfk.no

**Odda vidaregåande skule**
5750 ODDA

tlf. +47 53 64 96 00
fax. +47 53 64 96 99
e-post: post.odv@hfk.no

- Odda vgs ynskjer like konkurransevilkår mellom skulane i distriktet når det gjeld klassestorleik og krav til oppfylling av klassane. Elevtalet på idrettsfag i Odda dei siste åra syner at ein halv klasse (15 elevar) vil vere det som er best tilpassa vårt distrikt. I dag går det 13 elevar i Vg2 og 16 elevar i Vg3.
- Vi har lange tradisjonar ved skulen for å organisere idrettsfag saman med studiespesialiserande programområde, for å kunne spare på ressursane. Dette gjeld i første omgang organisering av tilboda i matematikk og framandspråk på Vg1 og Vg2. Vi kan også om naudsynt slå saman idrettsklassen med dei to klassane på studiespesialiserande i fellesfaga (norsk, naturfag og engelsk). I år har vi 2 klassar på ST Vg1 på totalt 50 elevar. Med ei viss auke i søkjartalet til Vg1 neste år vil det også vere gode «levekår» til ein klasse på idrettsfag på 15 elevar.

**2) Innføringsklasse for minoritetsspråklege søkjarar.**

Grunngjeving:

- Odda vidaregåande skule starta med tilbod om klasse for minoritetsspråklege elevar allereie skuleåret 2004/05. Med jamne mellomrom etter dette har skulen gjeve tilbodet. Vi har difor god kompetanse i tilbod til minoritetsspråklege søkjarar. Dei åra det ikkje har vore eit tilbod, har grunnskulen signalisert at dei gjerne skulle hatt ein klasse for elevar med manglande norskkompetanse. Skulen har erfart at det har vore viktig å gje desse elevane ein noko «mjukare start» i den vidaregåande skulen.
- Avgjerda om å gje tilbod om «innføringsklasse» har vore gjort dei åra det syner seg at dette er eit behov. I år har vi innhenta følgjande tal frå dei skulane som vi normalt rekrutterer frå:
    - Odda ungdomsskule: 5 elevar i 10.klasse.
    - Røldal skule: Ingen.
    - Kinsarvik skule: 2 elevar i 10.klasse.
    - Hauso skule: 1 elev i 10.klasse.
    - Jondal skule: Ingen.

- I tillegg har vi vore i kontakt med flyktningtenesta og vaksenopplæringa i Ullensvang herad og Odda kommune. Dei varslar om stort behov for eit slikt tilbod for ungdomar i den aktuelle aldersgruppa. Dei er også beden om å vurdera behovet for eit innføringskurs hjå desse ungdomane:
    - Ullensvang: 5-6 aktuelle elevar med ungdomsrett.
    - Odda: 6 elevar med ungdomsrett i 2015.
      5 elevar født 1991.
      9 elevar født i åra 1988-1990.

    Alle desse elevane har godkjent opphald i landet, og busetting lokalt i kommunane.

Totalt vil dette seie at talet på aktuelle søkjarar til tilbodet vil liggje på ca. 20 med ungdomsrett, og i tillegg 12-14 unge vaksne utan ungdomsretten.

Øyvind Bjørkevoll
rektor

Hordaland fylkeskommune
Opplæringsavdelinga
www.hfk.no/opplæring
http://odv.hfk.no

Odda vidaregåande skule
5750 ODDA

tlf. +47 53 64 96 00
fax. +47 53 64 96 99
e-post: post.odv@hfk.no

HORDALAND FYLKESKOMMUNE | ØYSTESE GYMNAS

Hordaland fylkeskommune
Opplæringsavdelinga
5020 BERGEN

Øystese, 29.10. 2014

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)

## Oppretting/nedlegging/endring av undervisningstilbodet for skuleåret 2015-2016.

Øystese gymnas viser til brev om saka.

### Situasjonen skuleåret 2014/2015.

Øystese gymnas har dette skuleåret:

- 2 klassar vg 1 studiespesialisering.
- 2 klassar vg2 studiespesialisering
- 1 klasse vg2 – internasjonal linje i USA.
- 2 klassar vg3 studiespesialisering
- 2 klassar med redusert elevtal (arbeidstrening og kvardagslivstrening).

### Skuleåret 2015/2016

Øystese gymnas vil halda fram med same studietilbod som i 2014/2015. Skulen har undersøkt lokalt og det kan vera grunnlag for ein innføringsklasse ved skulen. Skulen ynskjer at klassen må vera «søkbar» for komande skuleår.
Dersom ikkje nok elevar søker seg inn på dette tilbodet, fell klassen naturleg bort.

Ingebjørg Bakke
Rektor

**Hordaland fylkeskommune**
Opplæringsavdelinga
www.hfk.no/opplæring

**Øystese gymnas**
Nedre Vik 85
5610 Øystese

tlf: +47 56 55 66 00
faks: +47 56 55 66 10
e-post: post.oyg@hfk.no
www: http://oyg.hfk.no

FUSA VIDAREGÅANDE SKULE
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Hordaland fylkeskommune
Opplæringsavdelinga

Innspel til klassesaka for skuleåret 2015 – 2016.

Viser til e-post 17.oktober 2015, med utkast til tilbodstruktur for skuleåret 2015-2016

Naturbruk og helse- og oppvekstfag.
I forslag til klassesaka for 2015 – 2016 er det foreslått at Fusa vgs får gjennoppretta VG1 Naturbruk og VG2 Helsearbeiderfag. Det er tilbod som har hatt varierande søknad og der me har brukt tid og ressurser på å byggja opp eit systematisk og godt samarbeid med næringa/kommunar. Me har også lagt ned mykje arbeid i rekruttering. Det er stort behov for arbeidskraft innanfor desse områda. Me er glade for at desse tilboda/klassane er lagt inn igjen for neste år.

Me ynskjer også at det vert vurdert oppretta eit nytt tilbod innafor helse- og oppvekstfag: VG2 Barne- og ungdomsarbeiderfaget. I skulebruksplanen er det sett opp at Fusa vgs skal gje opplæring i Helsearbeiderfaget og Barne- og ungdomsarbeiderfaget innafor utdanningsprogrammet for Helse og oppvekstfag. Søknaden til HS VG1 2014 – 2015 var god, og me håper det er eit signal om større interesse for utdanninga. Me ynskjer derfor å få oppretta tilbod om Barne- og ungdomsarbeiderfaget i tillegg til Helsearbeiderfaget for skuleåret 2015 – 2016. Dette kan evt. vera 2 halve klassar. Me trur at 2 tilbod på vg2 kan vera med å styrka interessa for å søkja VG1.
Undervisninga i programfaga for VG2 Helsearbeider kan også samkøyrast med VG2 TAF-Helse og dermed redusere kostnaden.

Justering av tilbodet innan Studiespesialiserande utdanning.
Fusa vgs har i mange år hatt opplæring innan Studiespesialisering med formgjeving, og har gode erfaringar med dette. Søknaden til tilbodet varierer noko, men er gjennomgåande god. Skulen har i mange år arbeida for å sjå samanheng mellom programfaga og fellesfaga. Me ynskjer på den måten å utvikla kreativitet og estetikk som viktige element også i fellesfaga.

Me opplever likevel at mange ynskjer å ta studieførebuande utdanning hos oss med realfag i staden for formgjevingsfag. Dette kan truleg ha samanheng med eit sterkt TAF-miljø og/eller lange TAF-tradisjonar på skulen, med eit nært samarbeid mellom utdanningsprogramma som gjev studiekompetanse. Ungdommane i nærmiljøet uttrykkjer at dei ynskjer å vera ein del av dette miljøet og velga mellom fleire fag som gjev studiekompetanse.
Forslag om å oppretta studieførbuande utdanning med formgjeving til eit eige utdanningsprogram, er ute på høyring, og vil truleg verta vedteke med verknad frå komande inntaksrunde. I denne samanhengen ber me også om å få tilby andre studieførebuande fag/realfag innanfor STFO.

I samanheng med idrettsprosjektet, skiskyting og volleyball, har me elevar som i dag tar studiespesialiserande utdanning med fordjupning i realfag.

For å sikre ei breiare rekrutteringsplattform for studiespesialiserande utdanninga ved Fusa vgs, ynskjer me ein kombinasjon der elevane kan velje mellom formgjeving eller realfag. Opplæring i realfag vert kombinert med TAF, og vil derfor ikkje utløyse ekstra kostnader. Samstundes kan me ivareta og sikre eit tilbod til dei elevane som ynskjer programfag innan kreative og estetiske fag/formgjeving. Me ser

Postboks 113 5649 Eikelandsosen - Telefon 56 58 09 00 Telefaks 56 58 09 01
E-post: post.fuv@post.hfk.no Internettside: http://fuv.hfk.no

på estetikk og kreativitet som viktige eigenskaper i framtidig utdanning, og håper me kan vidareutvikla det i kombinasjon med studieførebuande utdanning.

Eikelandsosen, 28. oktober 2014

Tor Johannes Hjertnes
Rektor

**GARNES VIDAREGÅANDE SKULE**
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Opplæringsavdelinga
Hordaland fylkeskommune

**JUSTERING AV UNDERVISNINGSTILBODET FOR SKULEÅRET 2015-2016 (KLASSESAKEN).**
Garnes vidaregåande skule viser til e-post frå Opplæringsavdelinga sendt 17.10.2014.

Leiargruppa ved skulen har diskutert framlegget til endringar for Garnes vidaregåande skule i «Utkast til Justering av undervisningstilbod for skuleåret 2015-2016». Vi har følgjande innspel og ønskje:

**PROGRAMOMRÅDE MEDIUM OG KOMMUNIKASJON:**
Skulen ønskjer å halde fram med same tilbodet innan programområde Medium og kommunikasjon som vi har hatt i alle år:
Vg1 Medium og kommunikasjon: **30 elevar i 2 klasser à 15 elevar.**
Vg2 Medium og kommunikasjon: **30 elevar i 2 klasser à 15 elevar.**
Vg3 Medium og kommunikasjon: **15 elevar i 1 klasse à 15 elevar.**

**KOMMENTAR:**
Programområdet står framfor ei strukturendring i 2016. Medium og kommunikasjon har på landsbasis hatt ein nedgang dei siste åra, noko vi trur mellom anna kan skyldast den uvissa ei strukturendring fører med seg. **Det er viktig for skulen å oppretthalde fagmiljøet, både på elev og lærarsida fram til den nye endringa trer i kraft. Derfor ber vi om å få halde fram med 2 parallelle klasser både på Vg1- og Vg2-nivå.** Til opplysing kan skulen seie at det har kome fleire elevar både i Vg1 og Vg2 klassane på Medium og kommunikasjon etter skulestart.

**STUDIEFØREBUANDE PROGRAMOMRÅDE (STUSP): NEDLEGGING:**
Leiargruppa er svært oppteken av å ha minimum to parallelle klasser på kvart trinn. I førre og inneverande skuleår har skulen berre hatt ei klasse Vg1 STUSP. I skuleåret 2013/2014 hadde skulen ei klasse på 30 elevar. Denne klassa er no ei Vg2 klasse. I tråd med dette vil skulen berre ha ei Vg3 klasse skuleåret 2015/2016. Opplæringsavdelinga foreslår i «Utkast til Justering av undervisningstilbod for skuleåret 2015-2016» nedlegging av ei Vg3 klasse STUSP ved Garnes Vgs for neste skuleår, - og slik må det bli.

**OPPRETTING:**
**STUDIEFØREBUANDE PROGRAMOMRÅDE:**
Vg1 Studieførebuande programområde: **Inntil 54 elevar i 2 klasser à 27 elevar.**
Vg2 Studieførebuande programområde: **Inntil 54 elevar i 2 klasser à 27 elevar.**

**I TILLEGG HAR VI:**
Vg3 Studieførebuande programområde: **Inntil 27 elevar i 1 klasse.**
Vg3 Påbygg til generell studiekompetanse: **Inntil 54 elevar i 2 klasser à 27 elevar.**

Besøksadresse/postadresse: Garnesstølen 63, 5264 GARNES – Telefon: 55254700
E-postadresse: post.gar@hfk.no
Hjemmeside: http://gar.hfk.no

**KOMMENTAR:**
Prognoseinntaket våren 2014 viste større auke i søkjartalet til Vg1 STUSP ved Garnes vidaregåande skule enn til nokon annan av bydelsskulane kring Bergen sentrum. Trass i dette valde Opplæringsavdelinga å tilrå politikarane gjennom uttale frå Fylkesrådmannen berre å opprette ei klasse Vg1 STUSP.

Både i Utval for Opplæring og helse den 13. mai i år og i Fylkesutvalet den 20. mai opplyste inntaksleiar Nils Skavhellen at det nesten ikkje fanst søkjarar på lågare nivå etter primærsøkjarane. Difor kunne ikkje Opplæringsavdelinga tilrå meir enn ei klasse Vg1 STUSP ved Garnes vidaregåande skule. Etter første inntaksomgang vart det teken inn ei klasse med **40 elevar** til Vg1 STUSP ved skulen. På ventelista til dette programområdet ved Garnes vidaregåande skule stod det då **26 elevar**. Prognosetala for ei eventuell venteliste, som vart presentert i dei politiske utvala, viste seg ikkje å vere riktig. Hausten 2014 kunne skulen lett ha fylt opp til to fulle klasser. Skulen vart nærast nedringd før og etter skulestart av elevar og foreldre som ønskte skuleplass ved Garnes vidaregåande skule. På grunn av politisk vedtak i Fylkesutvalet om at skulen berre skal ha ei klasse kunne ikkje rektor ta imot elevar utover dei 40 vi no har i ei klasse.

**Vg1 STUSP FRÅ HAUSTEN 2015:**
Prognosetala for ungdomsskuleelevar er større for neste skuleår enn det er i inneverande år. Dette viser òg tala frå eliteklubbane Arna-Bjørnar fotball og Bjørnar handball som skulen har eit tett samarbeid med gjennom programfaget Toppidrett. Skulen reknar med ei monaleg auke i søkjartala på Vg1 nivå. Rektor ønskjer å vise til e-post frå Direktør for Opplæring, dagsett 12.07.2013. Han gav her følgjande opplysing på spørsmål frå skulen om å få oppretthalde tilbodet med to Vg1 klasser STUSP ved skulen hausten 2013: *«Når tilsvarande vedtak har blitt gjort tidlegare, har det vore vanleg at ein meiner at elevtalet ved 1. inntaksomgang skal leggjast til grunn.»* Dette syner seg å vere eit godt og riktig prinsipielt standpunkt når resultatet av tidlige vedtak kan føre til så store og drastiske som Garnes vgs opplevde for skuleåret 2014/2015.

**Vg2 STUSP FRÅ HAUSTEN 2015:**
Mange av dei elevane som ringde og fekk avslag i telefon like før/etter skulestart har stilt spørsmål om det er høve til å søkje seg inn på skulen på Vg2-nivå. Vi reknar difor med at elevtalet vil auke langt utover 40 elevar på Vg2 STUSP frå hausten 2014. Skulen sitt gode samarbeid med dei lokale idrettsmiljøa heng nok saman med dei gode rekrutteringstala.

**KONKLUSJON: Røynslene våre frå skuleåret 2014/2015 seier oss at det vil vere grunnlag for å opprette 2 parallelle klasser både på Vg1 STUSP og Vg2 STUSP frå hausten 2015.**

Garnes, 29.10.2014.

Venleg helsing

Aud Åsne Kvamme
rektor

Besøksadresse/postadresse: Garnesstølen 63, 5264 GARNES – Telefon: 55254700
E-postadresse: post.gar@hfk.no
Hjemmeside: http://gar.hfk.no

# OLSVIKÅSEN VIDEREGÅENDE SKOLE
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Opplæringsavdelinga
v/ Birthe Haugen /Nils Skavhellen

Vår ref. ILT Deres ref. Dato: 28.11.2014

## Justering av undervisningstilbodet for skoleåret 2015-2016 (klassesaken).

Kommentarar frå Olsvikåsen vgs

Skolen har behandla justering av undervisningstilbodet og har eit par kommentarar til klassesaka.

1. Skolen er tilfreds med at fagtilbodet for neste skoleår er status quo. Det er ikkje planlagd nedleggingar eller opprettingar av fagtilbod eller klasser.

2. Skolen har vekslingsmodellen som pilotprosjekt. Korleis dette prosjektet skal vidareføres har ikkje skolen tatt opp da vi ser at dette må handsamast i styringsgruppa og på leiarnivå i HFK før vi kan ta opp våre ønskjer for vidareføring av tilbodet.

3. Skolen har dette skoleåret lagt ned ein klasse i DH vg1. Dette tilbodet ( DH) skal ikkje vidareførast på skolen ut frå skolebruksplanen. Samstundes har vi dette skoleåret og fått ein ekstra klasse i HO Vg2 HSHEA. HO er eit tilbod skolen skal halde fram med vidare. Sjølv om det skulle bli større søknad til DH neste år, ser vi at skolen er godt fylt opp, og da ønskjer vi heller å vidareføre Vg2 tilbodet i HO framfor å opprette ein ny klasse i DH.

Vennlig hilsen
Olsvikåsen videregående skole

Inger Lise Thorstensen
Rektor

Adresse: Postboks 503 Olsvik, 5884 Bergen
Telefon: 55 511400 Telefax: 55 511401
Bankgironr: 5201 06 74239 - Foretaksnr.: 938 626 367 MVA

**Fra:** Oppl□ringsavdelinga - Postmottak (Postmottak.Opplaering@hfk.no)
**Sendt:** 30.10.2014 11:55:59
**Til:** Svein Kirkevik
**Kopi:** Nils Skavhellen

**Emne:** VS: KLASSESAKEN, Knarvik vidareg□ande skule
**Vedlegg:** image005.jpg;image006.png;image007.jpg;image001.jpg

---

**Fra:** �yvind Helland Oddekalv
**Sendt:** 30. oktober 2014 11:44
**Til:** Oppl�ringsavdelinga - Postmottak
**Emne:** KLASSESAKEN, Knarvik vidareg�ande skule

Til HFK-oppl.avd.

Vi har berre eitt par merknader til framlegg til □klassesaken□ slik den vart presentert i e-posten vi fekk tilsendt.

Vi er glade for at Vg2 DH, interi□r og utstillingsdesign blir oppretta igjen. Vi har i □r to Vg1-kurs p□ DH og f□r erfaringsmessig mange elevar fr□ Oster□y vgs. Slik vi ser det vil det vere grunnlag for to Vg2-kurs ved skulen neste □r.

Vi les med interesse at det skal lagast eit eige kapittel om TAF-tilbod. Vi har dei to siste □ra bede om at det blir eit utvida tilbod p□ EL-TAF og TP-TAF, med utgangspunkt i innmelde behov p□ automatisering- og elenergi-felta, noko b□de lokalt n□ringsliv og NHO Hordaland har st□tta. **Som pionerskulen innan TAF, og med over 200 TAF-elevar inneverande skule□r, ser vi det som naturleg at vi blir tatt med p□ r□d i arbeidet med dette kapitlet. Det er p□ Knarvik vgs. kompetansen som gjeld TAF er lokalisert.**

Med helsing

**□yvind H Oddekalv**
Rektor

KNARVIK VIDAREGÅANDE SKULE
HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Juvikst�len 9 | 5916 Isdalst�
56 35 54 02 | 913 17 450 |
oyvind.oddekalv@hfk.no | http://knv.hfk.no

Knarvik vidareg ande skule er sertifisert som

Miljøfyrtårn

**Fra:** Tove F□sund (Tove.Fosund@hfk.no)
**Sendt:** 30.10.2014 11:57:21
**Til:** Birthe Andersen Haugen
**Kopi:** Nils Skavhellen; Svein Kirkevik

**Emne:** SV: KLASSESAKEN
**Vedlegg:** image002.jpg

Hei

Fra LAV har vi f□lgende to endringer □ melde:

Opprette:

ELELE1 – opprette en tredje Vg1 Elektro. Inntil 20 elever.

Begrunnelse: Gjelder tilbudet om 3-□rig l□p for elektroelever som inkluderer spesiell studiekompetanse.

BABAT1- opprette en fjerde Vg1 Bygg og anlegg. 15 elever.

Begrunnelse: Vi har ved LAV hatt 4 klasser over flere □r, men reduserte til 3 innev□rende □r ut fra prognosetallene. Signaler i bransjen tyder p□ □kende elevtall.

P□ Vg2 BA opprettholder vi to klasser. 13 elever i hver.

For □vrig opprettholder vi klassetallet for innev□rende skole□r. ST: 3+3+3, MK: 3+3+1 osv.

Mvh

Tove F□sund

---

**Fra:** Birthe Andersen Haugen
**Sendt:** 17. oktober 2014 12:48
**Til:** Oppl�ringsavdelinga - Leiargruppa; Offisiell post til alle skoler; Rektorene i HFK
**Kopi:** Nils Skavhellen; Svein Kirkevik
**Emne:** VS: KLASSESAKEN

# OSTERØY VIDAREGÅANDE SKULE
## HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Hordaland fylkeskommune
Opplæringsavdelinga
Postboks 7900
5020 Bergen

Lonevåg, 06. oktober 2014

**PRESISERING AV SØKNAD OM OPPRETTING AV VG2 DESIGN OG TEKSTIL, OG INTERIØR OG UTSTILLINGSDESIGN IHHT VEDTAK AV SKULEBRUKSPLANEN 2012-2024**

Skulen viser til vedtak i skulebruksplanen om planlagt tilbodsstruktur for Osterøy vidaregåande og ynskjer å oppretta vg2 innan Design og handverk (DT)/ Interiør og utstillingsdesign (IU). Det har i tidlegare avslag på søknader vore vist til søkargrunnlag og at 15 elevar på vg1 er for lite for å opprette ein VG2 klasse.

> ..Som hovudregel blir det ikkje oppretta Vg2 tilbod med mindre at ein har eit søkjargrunnlag frå Vg1 som er minimum to klassar ( 24-30 elevar). (Arkivsak 201308340-1, 05.12.2013, http://polsak.ivest.no/polsak_filer/2013%5CFUV%5C2013050391-916808.PDF)

Skulen stiller seg noko uforståande til dette svaret , både i høve til skulebruksplanen si tilråing om 15 elevar på vg1 og 15 elevar på vg2 på Osterøy, og at dette ikkje er ei konsekvent tilråing for andre skular i same skriv.

> Oppretting av Vg2 Interiør og utstillingsdesign er gjort på grunnlag av at skulen (red. Etne vg) har tilnærma full klasse på Vg1 Design og handverk i inneverande skuleår. Tilbodet vart lagt ned våren 2013 grunna liten søknad, men elevgrunnlaget frå Vg1 i inneverande skuleår gir større grunn til å tru at det vil vere søkjarar nok til Vg2 skuleåret 2014/15. (Arkivsak 201308340-1, 05.12.2013, http://polsak.ivest.no/polsak_filer/2013%5CFUV%5C2013050391-916808.PDF)

Vidare ser me ikkje at dette ein praksis fylgd ved andre skular. I eit fagområde som har hatt stor nedgang i søkartal sidan 2006, er det urealistisk å forvente ein søknad på 30 elevar på ein skule med 200 elevar. Særleg med tanke på at kringliggande skular med 5 gongar så mange elevar ikkje har klart å oppretthalde tilsvarande modell. I tillegg er skulen redd at ein auke til 30 elevar på vg1 DH, vil gå utover søkartalet for andre vg1 tilbod, særleg på ST og HO.

Når det gjeld innhald og struktur i det planlagde VG2 løpet, har det vore skildra i tidlegare søknader. http://dh-osteroy.blogspot.no/2014/01/vg2-design-og-tekstil-interir-og.html?view=flipcard Kort fortalt tenker me ein kominasjonsklasse for vg2 DT og IU. Dette speglar interessa til elevane og kva dei vel i fordjuping på vg1. I tillegg legg ein til rette for gunstige «spinn-off» -effektar i fagområda som har mykje til felles i metode og i entreprenørskap. I Prosjekt til fordjuping har ei slik blanding vore prøvd ut i eit par år, med vellukka resultat.

Om det er «særleg attraktivt» for våre elevar å søke BU eller vg2 frisørfag, som det blir hevda i ovannemnde skriv, er dette meir ein konsekvens at det ikkje har vore eit godt nok tilbod i regionen for DH -elevar. Etter BU tar fleire av elevane påbygg, og dei ser det meir som ein fin kombinasjon på veg mot studiekompetanse og høgskuleutdanning. I ei undersøking på skulen i fjor svarte 16 elevar med ungdomsrett, at dei ville søke eit skissert vg2 tilbod på Osterøy. Fleire av dei elevar frå vg1 året før, som då gjekk BU. 7 av DH elevane søkte Knarvik VG2 DT inneverande år. (Arkivsak 201308340-1, 05.12.2013)

Sidan sist ligg det og føre ei ny høyring frå utdanningsdirektoratet om endring i utdanningsprogram for Media og kommunikasjon (st.mld 20, 2012-2013). Ein foreslår m.a å ivareta yrkesfaga i MK i ein breiare struktur på Design og handverk. Meir konkret ser ein for eit nytt VG2 basert på dagens Interiør og utstillingsdesign. Dette skal kunne danne grunnlag for totalt seks lærefag/yrkeskompetanse (fotograf, mediedesigner, mediegrafiker (MK) i tillegg til eksisterande Interiør, utstillingsdesign og profileringsdesigner). På vg1 på DH Osterøy har me i fleire år leigd inn designarar som har undervist elevane om grafisk profil og merkevarebygging, ofte knytt til ungdomsbedrift eller andre produktutviklingsprosjekt. I fordjuping har også nokon av elevane jobba med nettsider, logo mm., i læreplanmål for VG3 Utstillingsdesign.

I vår hadde me ein god dialog med avdelingsleiarar og tilsette på avdeling for Media og kommunikasjon på Garnes vidaregåande. Me såg fleire muligheiter i eit samarbeid mellom DH Osterøy og MK Garnes. Formålet var å sikre eit godt tilbod innan design, teknologi og merkevarebygging i regionen. I ein framtidig 3 -årig modell vil ein kunne tilby god kompetanse og godt utstyrte verkstader frå begge skulane. Osterøy industrilag er og positivt til ideen.

I tråd med prinsipp i skulebruksplanen om langsiktige mål og lokal tilpasning, har me også dette året sett i gang tverrfaglege prosjekt knytt til andre klassar. Møbeldesignar og programingeniør Trygve Trohaug, som er ansatt i ei 3-årig prosjektstilling for kompetansesenteret for CNC og robot ved skulen, vil undervise tre timar i DH-klassen i veka. Fokus vil være design-produksjon og produksjonsprosessar. Me vil utover i året sjå på tverrfaglege møtepunkt mellom IND og DH – klassen. Målet er å utnytte kompetanse og verkstader i størst mogeleg grad og utnytte fordelen ved å være ein liten skule med gjennomsiktig fagmiljø. To timar i veka skal elevane jobbe med å profilere evt prototypar og produkt i høve til brukarundersøkingar og merkevarebygging.

Om det heller ikkje denne gongen let seg gjere å kunne tilby eit vg2 på Osterøy, er me redd vg1 DH også vil forsvinne frå skulen. Ved ikkje å kunne tenke utvikling og utbygging av tilbodet, stagnerer det i høve til sitt eige utviklingspotensiale. Elevane ynskjer ein kontinuitet og blir ofte skuffa når dei høyrer at dei berre kan gå eit på skulen vår. Om Fylket ynskjer at vg1 DH på Osterøy skal danne grunnlaget for VG2 BU eller Frisør på Årstad må ein tenke nytt og legge opp undervisninga med spissing av relevante læreplanmål på VG1 DH, særleg i Prosjekt til fordjuping. Skal Design og handverk spegle behova i regionen og forhåpentlegvis danne grunnlag for entreprenørskap og utvikling av nye arbeidsplassar og kompetanse, då er det kanskje meir tenleg å prøve ut modellar der næringsliv og skule samarbeider om å finne gode løysingar i metodar og prosjekt, med mål om å styrke og utvikle begge.

Ein må utnytte det særlege potensiale Osterfjorden har innan våre fag. Tydeleg bevist og skildra i Flettverk «Made in Osterøy» hausten 2013, som i stor grad involverte DH elevar, lærekrefter og verkstader på Osterøy vidaregåande.

> "Thom Murphy, Scott Wilson, Michelle Lowe-Holder, Azumi&David.. I 10 døgn skal kjende, internasjonale motedesignarar frå London jobba tett med 10 innovasjonssugne verksemder på Osterøy. I regi av Flettverk skal dei dele si Louis Vuitton-erfaring, Vogue- og i-D-design, Colette-kunnskap og Madonna-kreativitet med Tysse-tilhengarar, Nordlender-strikk, HBH-møblar, vevarar, pilflettarar, vidaregåande-elevar og mange andre. " (https://www.facebook.com/events/646666575366310/)

Film om Flettverk ( https://drive.google.com/file/d/0Bx8iGkkpt278R3IxQ09NQXpIMms/edit?usp=sharing_eil ).

Med helsing

Magne Espelid
Rektor

Vedlegg: Uttalelse frå FAU- Design og Håndverk

Til

Osterøy Videregåande skule

Opplæringsavdelinga i HFK

**Utalelse om innholdet i brevet fra Osterøy vgs til Opplæringsavdelinga i fylkeskommunen:**

Fagutvalget i Design og håndverk mottok en kopi av brevet til Opplæringsavdelinga den 28.8: «Presisering av søknad om oppretting av Vg2 – Design og tekstil og Interiør og utstillingsdesign ihht vedtak av skulebruksplanen 2012-2024». Her ber Osterøy videregående skole om en tilbakemelding på søknaden. P.g.a. streik og ny skolestart har tilbakemeldingen blitt forsinket. Dette er våre refleksjoner om saken.

Saken

Osterøy vgs har hatt gode søkertall til Design og Håndverk siden det nye programområdet ble opprettet i 2006. Nå ønsker de å utvide dette fagtilbudet til 2 år. Et nytt Vg2-tilbud skal drive differensiert opplæring for elever i to fagområder. Disse er: «Design og tekstil» og «Interiør og Utstillingsdesign». Dette vil være en ny måte å organisere undervisningen på Vg2 som ikke tidligere er prøvd i Hordaland.

Design og Håndverk – situasjonen i faget

Situasjonen i håndverksfagene og håndverksutdanningen, viser at vi må tenke nytt. Den tvinger oss til å finne nye veger framover og motiverer oss til å kunne tenke på tvers av etablerte tankemåter.

FAU-DH tar utviklingen i faget på alvor, men ser med bekymring på nedbyggingen av programområdet Design og Håndverk i Hordaland. DH gir, i tillegg til et stadig snevrere tilbud på Studiespesialiserende med Formgiving, den eneste opplæringen i praktisk-estetiske fag i Hordaland i dag. Svært få av de elevene som ønsker seg til praktisk-estetisk opplæring, opplever i dag å få de valgmulighetene i opplæringen

som programområdet hevder å tilby. På Osterøy blir elevene tilbudt opplæring på Vg2 i Barn og Ungdom. Dette programfaget finnes ved mange skoler, men det er et kryssløp til et annet utdanningsprogram med et helt annet fokus og andre krav. Et annet alternativ elevene har etter Vg1 er å flytte til en ny skole, for å gå ett år på Vg2 før de går ut i lære, eller som mange gjør og tar 3.året der også– da som oftest på påbygg. Dette er problemet som Osterøy vgs beskriver. De har tatt elevene på alvor og tatt initiativ til å utformet enda et alternativt tilbud - med utgangspunkt i elevenes ønsker.

FAU-DH støtter nye løsninger i opplæringen

Det er viktig å finne nye måter å organisere opplæringen som gjør at undervisningstilbudet i Design og Håndverk blir interessant for elevene, relevant og verdifullt for næringslivet og bidrar til utviklingen av skoletilbudet i yrkesfag på vegen mot framtiden. FAU-DH ser meningen i å kunne tilby undervisning i to programområder på skoler der kompetansen finnes i undervisningen og engasjementet finnes i ledelsen.

Osterøy har et opplæringstilbud i faget med utgangspunkt i fagkompetanse og et verdifullt kontaktnett i lokalsamfunnet. De ønsker å drive skole nært samsvar med intensjonene i læreplanene. De har beskrevet hvordan de tenker seg en videre utvikling mot økt digitalt innhold i undervisningen, og de stiller seg aktivt imøtekommende med en eventuell fusjonering med faget Medier og Kommunikasjon. Skolen uttrykker med dette en vilje til utvikling og fleksibilitet som FAU-DH ønsker skal utvikles og formidles videre.

FAU-DH vil med dette gi sin støtte til at Osterøy videregåande skule gis mulighet til å opprette et Vg2 i 2015-16, og vil understreke hvor nyttig det er for faget at de får anledning til å prøve ut dette tilbudet.

Bergen, 24.09.2014

Hilsen FAU-Design og Håndverk,

Heidi Florhaug, nestleder — Anne Lystrup, leder

KVINNHERAD VIDAREGÅANDE SKULE
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Husnes: 30.10.2014

Hordaland fylkeskommune
Opplæringsavdelinga

**Justering av undervisningstilbodet for skuleåret 2015-2016, Kvinnherad vidaregåande skule**

Kvinnherad vidaregåande skule hentar størsteparten av elevane frå heimkommunen. Skuleåret 14/15 er det 194 avgangselevar ved ungdomskulane i kommunen som skal søkje plass vidaregåande skule hausten 2015. Dette er ein auke på 9 elevar samanlikna med årets avgangskull. Dagens tilbodsstruktur på Vg1- og Vg2-nivå, saman med dei føreslåtte endringane under, vil gje søkjarane eit godt og variert tilbod.

OPRETTING AV VG1 RESTURANT OG MATFAG
Nedlegginga av RM-tilbodet våren 2014 vart mykje omtalt i lokalavisene i kommunen. Hausten 2014 har det blant anna vore ulike artiklar I Kvinnheringen om tidlegare elevar som har gått ved RM og kva karrierar utdanningsvalet har gjeve dei. Dette har verka positivt på interessera for fagområdet. Blant anna har det vore mange elevar frå avgangsklassane i ungdomskulane som har fått info og orientering om RM, under haustens skulebesøk. Dei same elevane var året før med på «Vi dekker til fest», eit tiltak som har gjeve resultat i rekrutteringa ved andre vidaregåande skular. Vi har òg planlagt ulike andre marknadsførings- og infotiltak fram mot søknadsfristen 01. mars. Samla sett håper vi at dette vil gje eit tilstrekkeleg søknads- /elevgrunnlag for ein Vg1-klasse innan programområdet

OPPRETTING AV VG2 SERVICE, SAMFERDSLE OG TRYGGLEIK
Skuleåret 2014/15 har vi 15 elevar på Vg1 Service og samferdsle. Ut frå ei rask undersøking i klassen har vi fått tilbakemelding på at det er omlag 12 elevar vil ha Vg2 Sal, service og tryggleik ved Kvinnherad vidaregåande skule som første val. Sjølv om det vert endringar fram mot 1. mars, meiner vi det bør vera tilstrekkeleg elevgrunnlag for ein Vg2-klasse.

BEHOVET FOR INNFØRINGSKLASSAR FOR MINORITETSSPRÅKLEGE SØKJARAR SKULEÅRET 2015/16
Alle ungdomskulane og vaksenopplæringa i kommunen har gjeve oss ei tilbakemelding på tal elevar som vil kunne ha behov for å følgje eit innføringskurs. Per i dag er det 4 elevar ved Husnes ungdomskule som vil ha behov innføringskurs. Vaksenopplæringa kjenner til 6 aktuelle ungdommar i

**Hordaland fylkeskommune**
Opplæringsavdelinga
http://www.hfk.no/Hordaland-fylkeskommune/opplaering/

**Kvinnherad vidaregåande skule**
Opsangervegen 160
5460 HUSNES

tlf: + 47 53 47 57 00
faks: + 47 53 47 57 36
e-post: post.kvv@hfk.no
http://kvv.hfk.no

aldersgruppa 16 – 23 år. 5 av desse går skuleåret 2014/15 i ein innføringsklasse ved Stord vidaregåande skule. Samla elevgrunnlag er såleis på ca. 10 elevar, men der 5 er elevar ved eit innføringskurs dette skuleåret. Eit elevgrunnlag på mellom 5 og 10 elevar er for lite til at vi som skule ser det som økonomisk forsvarleg å opprette ein klasse. Vi er sjølvsagt innstilte på å vurdere dette på nytt, dersom det i inntaksprosessen viser seg at elevgrunnlaget vert høgare. Som skule bør vi minst ha eit elevgrunnlag på 12 elevar for å vurdere dette.

Audun Bjelland

Rektor Kvinnherad vidaregåande skule

**Fra:** Nils Skavhellen (Nils.Skavhellen@hfk.no)
**Sendt:** 30.10.2014 15:47:59
**Til:** Svein Kirkevik
**Kopi:**

**Emne:** VS: KLASSESAKEN
**Vedlegg:** image002.png;image003.gif;image004.png

---

**Fra:** Vidar Tufteland
**Sendt:** 30. oktober 2014 15:43
**Til:** Nils Skavhellen
**Kopi:** Magne Ottar Espelid
**Emne:** VS: KLASSESAKEN

Tilleggsnotat til tilbakemeldinga p□ klassesaken fr□ Oster□y vgs

I h□yringa til omgjering av programfaget Medium og kommunikasjon ligg det i Modell 1 at ein ynskjer □ flytte yrkesfaga fotograf, mediegrafikar, og mediedesignar til programmet interi□r og utstillingsdesign. Dette programomr□det vil d□ i praksis famne 6 l□refag/yrkeskompetansar. Med ein Vg2 kombinasjonsklasse innan Design og Tekstil, og Interi□r og utstillingsdesign vil ein famne end□ fleire l□refag/yrkeskompetansar. Ein kan ikkje garantere plassar innan l□refag eller kompetanseoppl□ring p□ f□rehand, men utgangspunktet er sv□rt godt d□ Osterfjorden har eit mangfald i praktisk-estetiske fag der Oster□y vgs har eit utvida kontaktnett i lokalsamfunnet og regionen.

Det vil ikkje v□re riktig □ vente med dette tilbodet til ein ser kva retning omgjeringa programomr□det MK tar. Her m□ ein etablere tilbodet i forkant slik at ein f□r etablere ein plattform, i h□ve til nettverksbygging og rekruttering av potensielle elevar. I tillegg er mange av l□replanm□la for vg2 (DT/IU) retta mot markedskommunikasjon og profilering. Oster□y vgs har allereie vore i ein dialog med Garnes vgs. og MK, i h□ve til samarbeid. Ved □ f□ eit vg2 tilbod p□ DH p□ Oster□y ville dette blitt end□ meir relevant og m□lretta. Ein vil gradvis kartleggje kompetanse, utstyr, l□replassar og muligheiter for eit godt studietilbod innan praktisk-estetiske fag, entrepren□rskap og merkevarebygging i regionen med eit Vg2 DT/IU p□ Oster□y vgs.

Med helsing
Vidar Tufteland
Ass. Rektor/
Avdelingsleiar Yrkesfag
Tlf 56394004 Mob. 92245783
**Se v�r brosjyre ved � klikke p� banneret**
OSTERØY VIDAREGÅANDE SKULE
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Følg oss på Facebook

Vedlagt klassesak:

BØMLO VIDAREGÅANDE SKULE
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Tilbakemelding på utkast til undervisningstilbod for skuleåret 2015/16

Ønskje om oppretting av Studiespesialisering m/formgjeving.

Bømlo vgs har gjennom fleire år hatt tilbod om Studiespesialiserande med formgjeving. Me dreiv denne linja godt og har fått tilbakemelding frå elevar, foreldre og rådgjevar på ungdomsskulane om at elevar har fullført vidaregåande på grunn av dette praktiske tilbodet.

Då tilbodet vart nedlagd var det ikkje på grunn av dårlege resultat eller dårleg søknad, men eit ønskje om å samla tilbodet på Stord vidaregåande skule. I dag eksisterer ikkje dette tilbodet i Sunnhordland. Me har på vår skule likevel klart å vedlikehalda formgjeving som eit praktisk tilbod innan valgfrie programfag på studiespesialiserande. Dette har fungert som eit praktisk tiltak som hindra fråfall. Dette tilbodet har vorte så populært at me inneverande skuleår har to grupper i Visuelle kunstfag.

I samtalar med rådgjevar frå Bremnes ungdomsskule kom det fram at dei saknar dette tilbodet på vår skule. Dei har mange aktuelle elevar til ei mogeleg formgjevingslinje ved Bømlo vidaregåande skule.

Lokalsamfunnet på Bømlo har eit rikt kunst og kulturliv som støttar sterkt opp om formgjevingstilbodet ved skulen her.

Me har god erfaring med å integrera dette i ein ordinær studieførebuande klasse, der dei har fellesfaga samla.

Skulen har både lærarar og utstyr til å starta opp frå hausten 2015.

På bakgrunn av desse momenta ynskjer skulen ei gjenoppretting av studieførebuande m/formgjevingsfag og ser fram til positiv tilbakemelding på dette forslaget.

Bremnes 29.10.

Inge Tvedt
konst. rektor

Besøksadresse:Leitedåvane 8, 5430 Bremnes - Postadresse:Postboks 163, 5445 Bremnes - Foretaksnr. 974557126 mva
Telefon 53 42 38 10- Telefaks 53 42 38 97 – Epost post.bov@hfk.no – Heimeside http://bov.hfk.no

**Fra:** Nils Skavhellen (Nils.Skavhellen@hfk.no)
**Sendt:** 31.10.2014 13:36:44
**Til:** Svein Kirkevik
**Kopi:**

**Emne:** VS: Klassesaken, svar fra Austrheim vidareg□ande skule
**Vedlegg:**

---

**Fra:** Kjersti Haugland
**Sendt:** 31. oktober 2014 13:22
**Til:** Oppl�ringsavdelinga - Postmottak
**Kopi:** Nils Skavhellen
**Emne:** Klassesaken, svar fra Austrheim vidareg�ande skule

Hei, viser til mottatt informasjon om utkast til klassesaka, oppretting og nedlegging av tilbod ved dei vidareg□ande skulane. Saka er dr□fta i leiargruppa 27.10.Vi er glad for framlegg om oppretting av Vg1 Restaurant og matfag og ser fram til □ gjere ein innsats med informasjon og motivasjon retta mot ungdomsskulane i v□rt n□romr□de om mogleg tilbod. Elles er vi innstilte p□ vidaref□ring av dagens tilbod. Ber om orsaking om at svaret kjem ein dag for seint.

Mvh

*Kjersti Haugland*
rektor

Austrheim vidareg□ande skule
telefon: 56168002 / +47 97761061 e-post: kjersti.haugland@hfk.no
http://www.visbrosjyre.no/austrheim-vgs/MailView/

ephorte kan ikke hente dokument

Cannot access a disposed object.
Object name: 'System.ServiceModel.Channels.ServiceChannel'.

**Fra:** Oppl□ringsavdelinga - Postmottak (Postmottak.Opplaering@hfk.no)
**Sendt:** 05.11.2014 14:45:09
**Til:** Svein Kirkevik
**Kopi:** Nils Skavhellen

**Emne:** VS: Klassesaka
**Vedlegg:** Kvam herad_Ann_Brosj_vid.skule_185x95_TRYKK.PDF;image002.png

---

**Fra:** Evy Kleivane
**Sendt:** 5. november 2014 12:10
**Til:** Oppl�ringsavdelinga - Postmottak
**Emne:** Klassesaka

Hei ☺

Som eit underlag til □ byggje opp om behovet for rekruttering til Vg2 barne- og ungdomsarbeidarar i Kvam – legg eg ved annonsa som skal inn i skulen sin brosjyre denne vinteren.

Det er s□skilt denne informasjonen som er viktig;

Kvam herad har til ei kvar tid mellom 15 og 20 lk rlingar innan:
- **Helsearbeidarfaget** – ogsk TAF helse
- **Barne- og ungdomsarbeidarfaget**

Med venleg helsing
Norheimsund vg skule

*Evy Kleivane*
Rektor

**Telefon** +47 56 55 65 00 | **Mobil** +47 95 28 97 04 | **Adresse** Dalatunvegen40, 5600 Norheimsund | **Internett** http://noy.hfk.no

HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

---

**Fra:** Sagen, Kari [mailto:KaSa@kvam.kommune.no]
**Sendt:** 4. november 2014 16:21
**Til:** Eva Kristin Wister-Nyg�rd
**Kopi:** Evy Kleivane; Steine, Astrid-Anett; Botnen, �slaug B�hn; �yen, Jorunn; Oma, Elfrid; 'Svanhild Birkenes'
**Emne:** SV: Norheimsund Vidareg�ande Skule - Bekreftelse p� avtale om annonsering

Hei

Vedlagt fk lger Kvam herad si annonse til skulebrosjyra for Nhs vgs.

Vennleg helsing

Kari Sagen
HR-sjef
Telefon: 56553097 - 90954046
Epost: kari.sagen@kvam.kommune.no
Kvam herad – www.kvam.no

ephorte kan ikke hente dokument

Cannot access a disposed object.
Object name: 'System.ServiceModel.Channels.ServiceChannel'.



JOBB I HARDANGER • GODT FAGMILJØ • RIKT KULTURLIV • VAKKER NATUR
Kvam - framtida er her!
Ønskjer du ein meiningsfull jobb der du får bruka deg sjølv i møte med andre menneske?
Helsesektoren vil ha eit stort arbeidskraftbehov i åra framover.
Kommunen treng difor fleire unge som ønskjer ein yrkeskarriere innan helse.
Kvam herad har til ei kvar tid mellom 15 og 20 lærlingar innan:
• Helsearbeidarfaget – også TAF helse
• Barne- og ungdomsarbeidarfaget
Søk læreplass og få spennande utfordringar i kommunen!
Ytre Hardanger Opplæring administrerer lærlingordninga for Kvam herad og gjev deg super oppfølging i læretida!
ATTRAKTIV STAD
www.kvam.no
Kontaktpersonar:
Elfrid R. Oma E-post: elom@kvam.kommune.no - Mob 906 81 038 for helsefagarbeidar
Jorunn Øyen E-post: jooe@kvam.kommune.no - Mob 951 55 661 for b/u.arbeidar
Svanhild Birkenes E-post: svanhild@yho.no - Mob 991 03 580 for generell informasjon om lærlingordninga